

## Uskedelinger i tiårsmarkering

23.10.2007



Rune Hjørnevåg er ein av deltakarane i Dimmelsvik Bil si messe. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Til helga, nærare bestemt fredag og laurdag, skal Dimmelsvik Bil markera at dei er 10 år. Det gjer dei med å arrangera ei bil- og fritidsmesse og to av deltakarane i messa kjem frå Uskedalen.**

Det er Gianni Rebaudo, som driv med skilt og reklame, og Rune Hjørnevåg, som presenterer firmaet sitt – RH Racing.

RC (Radio Control) er ein hobby/sport som har utmerka seg i distriktet vårt og det har ført til at lokalmiljøet har fått sin eigen leverandør av desse produkta. Det var for godt og vel eitt år sidan uskedelingen Hjørnevåg starta bedrifta RH Racing.

Under messa vil han visa fram eit utval av blant anna radiostyrte bilar og heilkopter. Det vil også bli laga ei bane for køyring med RC-bilar.

Rebaudo har firmaet SkiltStudio. Dei utfører alt av skilt, vindusdekor, visittkort, digitalprint, bildekor og mykje meir og på messa vil dei visa heile vegen frå ide til sluttprodukt.

Ellers vil messa visa nye og brukte bilar, innreiing, profilering, bubilar, campingvogner, modifiserte bilar og bilprodukt av mange slag.

Dei som kjem vil få kampanjerente ved finansiering samt mat og underhaldning og det blir ein eigen leikekrok for barna. Det blir også sett opp telt og dørane til verkstaden blir opna slik at folk ikkje blir våte sjølv om det blir regn.

Av Ola Matti Mathisen